

Godtfred Syslak
Skornesvegen 60
5955 Lindås

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/6319 - 22/80225

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
27.10.2022

Løyve til bygging av landbruksveg på gnr. 110, bnr. 1 Syslak i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 1207/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Godtfred Syslak løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 110, bnr. 1 Syslak i Alver kommune. Søknaden er òg vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8 – 12 jf. § 7 og forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-2. 3. ledd.


Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tuffer med meir.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle tilkøyrt massar bruk i anlegget ikkje er ureina.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 7 traktorveg.
- Vedtaket er gyldig til 01.11.2025 og tiltaket må vere ferdig innan 01.11.2026.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Tiltakshavar lyt syte for at privatrettslege tilhøve er avklara som t.d. avkørsleløyve til offentleg veg.

Om ikkje arbeidet er sett i gong i innan fristen for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Godtfred Syslak søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 7 – traktorveg. Siste del av vegen mot nord vert ikkje bygd då det ikkje let seg gjere å krysse ei djup myr på ein reknings-



svarande måte.

Vegen vert difor knapt 550m og ikkje 650m slik det kjem fram i søknaden. Dekningsområdet er oppgjeve til 142daa, men det er noko lågare pga at vegen vert korta inn. Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 500.000. Mindre delar av vegen over eit beite er alt bygd.

Masse til vegbygginga skal takast ut i området som er synt i fig. 1. Det skal etter planen ikkje køyrast til eksterne masse til veganlegget. Føremålet med vegen er oppgjeve til 60% skogbruk og 40% jordbruk. Truleg er skoginteressene noko lågare all den tida vegen vert korta noko inn i nord – sjå fig. 1.

Fig. 1. Oversyn over veganlegget.



Fig. 2. I eit beite er vegen alt bygd. Den glir fint inn i terrenget.



Fig. 3. Bergknausen til høgre skal sprengjast vekk og steinane nyttast i vegbygginga. Dette er merka av som massetak i søknaden/fig. 1.

VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilsaksløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog og vidare på eigen eigedom og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfald der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søker unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner øg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatiske freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då støggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Alver kommune, kultur har ikkje merknadar til søknaden.

Statsforvaltaren har vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden.

Heile veganlegget ligg på bnr. 1, men eventuell avkjørsleløyve til offentleg veg må avklarast.

Kommunen tykkjer veganlegget verkar fornuftig og i tråd med landbruksvegforskrifta. Veganlegget løyser ut innmarksbeite så vel som skog. For dette bruket er beite viktig då søkjar driv med mjølkeproduksjon. At anlegget vert avslutta noko tidlegare i nordleg retning enn det som opphaveleg vart søkt om, vil ikkje sei at skogen der ikkje vil kunne takast ut via naboeigedomar. Dette orda søkjar frampå om under synfaringa.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveger
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/6319»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Godtfred Syslak

Skornesvegen 60

5955 Lindås